

God start på haustsesongen.

24.08.2017



J15 med knallstart på haustsesongen.

**Etter ein flott innsats i Norway Cup, er no haustsesongen rulla i gang for J15-laget til Rosendal/Uskedal på meir heimlege trakter. Laget som spelar i 1.divisjon, møtte tirsdag Solid på heimebane i Rosendal, og det enda med storseier 12-3 etter at jentene hadde sikra seg ei solid 6-0 leiing til pause.**

Det er 6 jenter frå Uskedalen som spelar på dette laget. Alle gjorde ein strålande innsats, og tre av dei viste også att i målprotokollen. Målscorarar var: Ina Tveito Sandvik 5 mål, Hanna Tvilde 3 mål, Silje Soldal 2 mål og Thea Taranger 2 mål. I tillegg var Camilla M. Ripel, Ida Marie K. Eidsvik og Amalie Hovden Rød delaktige i storsigeren.

Neste kamp er alleree på førstkommande søndag: Denne vert spela borte mot Tertnes i Bergen (Åsane).

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland